



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for mellombels plassering av toalettvogn - Meland - 55/13 Skjelanger og 9/165 Hjertås.

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.06.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål og 100-metersbeltet mot sjø for mellombels plassering av 1 toalettvogn på gnr. 55 bnr. 13 Skjelanger, og om mellombels plassering av 1 toalettvogn på gnr. 9 bnr. 165 Hjertås der det krevst dispensasjon frå LNF-føremål.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen har ingen merknader til mellombels plassering av toalettvogn på Hjertås, men meiner plasseringa på Skjelanger er uheldig. På Skjelanger skal vogna plasserast få meter frå sjøkanten. Vi har forståing for at bussjåførar treng tilfredsstillande toalettfasilitetar, men på Skjelanger meiner vi det må vurderast andre plasseringar, som er i mindre konflikt med strandsoneinteressane.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Åse Vaag  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

